

**Du har fått eit vedtak frå NOKUT. Her finn du informasjon om vedtaket og kva du kan gjere med det.**

### **Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)**

NOKUTs oppgåver består blant anna i å vurdere utanlandsk utdanning, og å informere om godkjennings- og autorisasjonsordningar for utanlandsk utdanning i Noreg. NOKUTs godkjenning skjer i samsvar med internasjonale avtalar som Noreg har ratifisert. Det gjeld blant anna Lisboakonvensjon om godkjenning av kvalifikasjonar som gjeld høgare utdanning i Europaregionen.

### **Kva er NOKUTs generelle godkjenning?**

Generell godkjenning er ein akademisk godkjenning av utanlandsk høgare utdanning. Vurderinga er systembasert, det vil seie at den utanlandske utdanninga blir vurdert opp mot det norske gradssystemet. Vedtaket beskriv omfanget og nivået på utdanninga, det vil seie kva uttjeljing den gir i studiepoeng og om utdanninga svarar til ei akkreditert høgare utdanning i Noreg.

### **Kva vurderer NOKUT?**

- lærestaden og kvalifikasjonen sin formelle status (akkreditering) i utdanningslandet
- omfang av utdanning
- nivå på utdanning

### **NOKUT vurderer ikkje:**

- utdanning som ikkje er godkjent høgare utdanning i utdanningslandet
- utdanning på nivå med vidaregåande skule (fag- eller sveinebrev)
- studiekompetanse til høgare utdanning
- fagskuleutdanning (tertiært nivå)
- faginnhaldet i ei utanlandsk utdanning i forhold til ei bestemt norsk utdanning
- bestemt kompetanse/yrke/profesjon
- utdanning tatt i Noreg
- arbeidserfaring

### **NOKUTs generelle godkjenning kan brukast til:**

- **Arbeid:** Godkjenninga kan brukast i forbindelse med søknad om arbeid i yrker som ikkje er lovregulerte. Den kan òg bli brukt ved lønnplassering.
- **Opptak til vidare studiar:** Enkelte lærestader krev NOKUTs godkjenning. Kontakt lærestaden for informasjon. Les om studiar i Noreg: [www.studyinnorway.no](http://www.studyinnorway.no)

### **NOKUTs generelle godkjenning er ikkje nødvendig viss du ynsker:**

- **Opptak til grunntdanning/bachelorgradsnivå:** Viss du vil studere på bachelorgradsnivå, søker du vanlegvis gjennom Samordna opptak. Merk deg at nokre få program kan krevje NOKUTs godkjenning. Meir informasjon: [www.samordnaopptak.no](http://www.samordnaopptak.no)
- **Å arbeide i eit regulert yrke:** I Noreg er det ei rekke yrker som er regulerte ved lov, for eksempel helseyrker. Viss du vil jobbe i eit slikt yrke, må du ha autorisasjon. Her finn du oversikt over lovregulerte bransjar/yrjer og kor du kan søke: [www.nokut.no/yrkesliste](http://www.nokut.no/yrkesliste)

## Fekk du avslag på søknaden din?

Grunngjevinga for avslaget finn du i vedtaket. Den vanlegaste grunngjevinga er at du har søkt om godkjenning av ei utdanning som NOKUT ikkje har myndigheit til å vurdere. For informasjon om andre godkjenningsordningar, sjå: [www.nokut.no/andre-godkjenningsordningar](http://www.nokut.no/andre-godkjenningsordningar). Vi oppfordrar deg òg til å sjekke NOKUTs kriterier [www.nokut.no/utl/generllgk/kriterier](http://www.nokut.no/utl/generllgk/kriterier).

## Fekk du ikkje godkjet heile utdanninga di?

Den vanlegaste grunngjevinga for dette er at utdanninga di ikkje tilfredsstillar krava i GSU-lista. Dette er ei liste over krav til generell studiekompetanse for søkerar med utanlandsk utdanning. For meir informasjon om GSU-lista, sjå: [www.nokut.no/GSU-listen/](http://www.nokut.no/GSU-listen/)

## Nokre forklaringar

### Vurdering av utanlandske mastergrader i Noreg

Det finst fleire typar utanlandske mastergrader som er lagt opp strukturelt forskjellig frå dei norske mastergradene. Både lengda på programmet og omfang av skriftleg oppgåve/thesis kan variere i forhold til det som vert tilbydt i Noreg. NOKUT har kun myndigheit til å godkjenne ein utanlandsk mastergrad som likestilt med anten ein toårig norsk mastergrad eller ein femårig norsk mastergrad. For at ein utanlandsk mastergrad kan godkjennast som likestilt med ein norsk mastergrad må den blant anna oppfylle følgjande krav:

1. Vere akkreditert i utdanningslandet
2. Toårig program, inkludert ei sjølvstendig oppgåve/thesis av omfang på minst 30 studiepoeng, eller
3. Femårig program, inkludert ei sjølvstendig oppgåve/thesis av omfang på minst 20 studiepoeng

Mastergrader som ikkje tilfredsstillar krava får utteljing i form av studiepoeng.

**Akkreditert utdanning/lærestad:** Det er ein offentlig godkjenning av ein utdanningsinstitusjon/program utført av eit organ som har fått innvilga retten til akkreditering av dei ansvarlige myndigheitene i landet utdanninga er tatt.

## Strukturen i norsk høgare utdanning

Ph.d. (doktorgrad) 3 år / 180 stp.		
Master 2 år / 120 stp.		Master 5 år / 300 stp.
Høgskolekandidat 2 år / 120 stp.	Bachelor 3 år / 180 stp.	

### Høgare utdanning i Noreg:

Eitt års fulltidsstudiar er 60 studiepoeng (stp.). Vi har følgjande grader i Noreg i dag:

- Høgskulekandidat
- Bachelor
- Master
- Ph.d.

Høgskulekandidatgrada er toårig, bachelor er treårig. Ein mastergrad bygger på ein bachelorgrad. Den er vanlegvis toårig og inneheld ei sjølvstendig oppgåve. Ein ph.d.-grad blir oppnådd vanlegvis etter eit tre års organisert doktorgradsprogram.

## Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR)

NKR-nivå		EQF-nivå	QF-EHEA syklus
1	I Norge er det ikke innplassert kvalifikasjoner på nivå 1	1	
2	Grunnskolekompetanse	2	
3	Grunnkompetanse innenfor videregående opplæring	3	
4 A	Fullført videregående opplæring – fag- og yrkeskompetanse	4	
4 B	Fullført videregående opplæring – generell studiekompetanse		
5.1	Fagskole 1	5	
5.2	Fagskole 2		
6.1	Høgskolekandidatgrad	6	1. syklus (delnivå)
6.2	Bachelor		1. syklus (bachelor)
7	Master	7	2. syklus (master)
8	Ph.d.	8	3. syklus (ph.d.)

**NKR:** Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring gir ei oversikt over utdanningsnivåa i Noreg. Nivåa i NKR er vist til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (EQF). Kvalifikasjonsrammeverka bidreg til å gjere det enklare å samanlikne kvalifikasjonar frå forskjellige land.

**EQF:** Det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring <http://ec.europa.eu/ploteus/>

**QF-EHEA:** Det overordna europeiske kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning

Meir om NKR kan du lese på NOKUTs nettsider: [www.nokut.no/nkr](http://www.nokut.no/nkr)